

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Bergen HF  
Styremøte: 23.04.2009  
Styresak nr: 31/09 B  
Dato skrive: 03.04.2009 Saksbehandlar: Egil H. Haugland

**Saka gjeld: Kronstad DPS - Konseptrapport**

---

## Bakgrunn

Planane om eit nytt distriktspsykiatrisk senter (DPS) for bydelane Bergenhus, Årstad og Ytrebygda i Bergen kommune, har vore framme for Helse Bergen sitt styre i fleire samanhenger. DPS-strukturen innan Helse Bergen sitt ansvarsfelt vart behandla og vedteken i møte 31.08.07 (sak 54/07 B). Seinare same haust slutta styret for Helse Vest seg til dette (sak 98/07).

I revidert arealplan for Helse Bergen – vedteken av styret i Helse Bergen 01.12.08 (sak 78/08 B) – er ny DPS på Krohnsminde (Kronstad DPS) medteken mellom dei prosjekta som vil bli prioritert realisert sjølv om Helse Bergen ikkje får tilført tilskot eller lån til investeringar dei komande åra.

Endeleg vedtok styret den 30.01.09 (sak 11/09 B) å setja av totalt 370 mill kroner til å realisera dette prosjektet i perioden fram til 2013.

Arbeidet med skisseprosjekt/konsept har vore gjennomført sidan nyttår, og i samsvar med gjeldande investeringsprosedyre vert konseptrapport vedkomande Kronstad DPS med dette lagt fram behandling i Helse Bergen sitt styre. Sidan investeringsnivået er på over 100 mill kroner, skal konseptrapporten óg leggjast fram for Styret i Helse Vest, - til liks med forprosjektet på eit seinare stadium.

I løpet av hausten og vinteren har det vore fleire styringsdialogmøte med Helse Vest sin administrasjon. Dei faglege aspekta og dimensjoneringsgrunnlaget er i samsvar med det som er avtalt i samband med styringsdialogen.

## Kommentar/konsekvensar

Kronstad DPS som blir lokalisert der tribunane til Krohnsminde idrettsplass tidligare stod, skal vere eit psykiatrisk lokalsjukehus for innbyggjarane i bydelane Bergenhus, Årstad og Ytrebygda. Frå om lag 2015 reknar ein med at det vil bu 86.000 innbyggjarar over 18 år i desse bydelane, i tillegg til eit stort tal studentar som har offisiell bustad i andre delar av landet.

I dag får desse bydelane tenester frå verksemd som er lokalisert fleire stader både i og utanfor nærområdet, - nemleg C. Sundtsgate, Solheimsgaten, Knappentunet (Straume) og Askviknes (i Os kommune). Etablering av Kronstad DPS (saman med Øyane DPS som skal gje tenester

til innbyggjarane i Askøy og på Fjell, Sund og Øygarden), vil frigjere leigearer i C.Sundts gate og Solheimsgaten, og gje grunnlag for alternativ bruk eller sal av eigedomane på Knappen og Askviknes. I konseptrapporten som følgjer som vedlegg, er det i kapittel 6 gjort nærare greie for dei driftsøkonomiske følgjene av den vedtekne omstruktureringa.

Samla sett vil Helse Bergen sin driftsøkonomi bli uendra. Samstundes vil innbyggjarane som dette gjeld, få eit utvida tilbod som er meir i samsvar med gjeldande mål og retningsliner for psykisk helsevern. Omstruktureringa frigjer i tillegg verdfulle eigedomar på Knappen og Askviknes. Desse vart vurdert til samla 150 mill kroner då opningsbalansen for Helse Bergen vart fastsett for nokre år sida. Restverdien ved årsskiftet 2013/2014 vil vere på halvparten av dette, - dvs. ca. 75 mill kroner. Ved mogleg omregulering av heile eller delar av dei aktuelle eigedomane til andre føremål, er det truleg potensiale for å realisera større verdier enn det som her er nemnt.

Kronstad DPS inneheld ein del funksjonar ut over det som normalt høyrer til eit distriktspsykiatrisk senter. Her er det planlagt å lokalisera ein del funksjonar som skal serve alle innbyggjarane i Helse Bergen sitt ansvarsfelt. Meir spesifisert gjeld dette:

- Spesialisert dagavdelingstilbod til pasientar med personlegdomsforstyring
- Tidleg oppdaging og intervensjon ved psykisk lidings/sjukdom
- Nevropsykologisk utgreiing
- Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (i form av dagbehandling og psykiatrisk ungdomsteam)

Til saman skal nybygget femne om eit netto romprogram på 5.000 kvm . Det skisseprosjektet som no ligg føre og som er gjort nærare greie for i konseptrapporten, syner at dei aktuelle funksjonane kan innplasserast i eit bygg på 8.590 kvm brutto, - noko som gjev prosjektet ein brutto/netto-faktor på 1.72.

Denne utnyttingsraden er noko påverka av at den aktuelle tomten må utnyttast maksimalt, og at bygningskroppen difor ikkje kan modellerast optimalt. Det er óg lagt opp til å bryta opp lange korridorar med nisjar som opnar opp for lys, og som gjer det mogleg å passa inn mindre sitjegrupper etc.

I skisseprosjektet er det i tillegg til funksjonsprogram sett av plass for om lag 60 parkeringsplassar (ca. 1.000 kvm) og eit utleigearreal på om lag 200 kvm. Parkeringsarealet er i samsvar med reguleringsføresegnene, medan utleigeararealet for kiosk, kafé, frisør etc. er innarbeidd for å imøtekoma ønskje både frå Bergen kommune (som gjerne ser at det vert næringsareal ved haldeplassane for bybanen) og Helse Bergen som byggherre.

Totalt vert dermed bygget på 9.800 kvm brutto, - noko som gjev ei tomteutnytting på 338%. Dette er noko over reguleringsplanen si ramme på 300%, og det vert m.a. difor søkt om endring av reguleringsplanen for at ønskja våre skal verta imøtekomne.

Under arbeidet med konseptet er det stilt spørsmål med om det vil la seg gjera å innarbeida om lag 500 kvm brutto for Helse Bergen si nyetablerte Avdeling for Rusmedisin som er i ferd med å få på plass ei eining for vurdering, inntak og koordinering. Denne eininga vil frå 01.01.10 overta ansvar for alle pasientar søkt til Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TBS) for heile Helse Bergen sitt opptaksområde. Det vert óg vurdert overtaking av

lækjemiddelassistert rusbehandling (LAR) i regi av Helse Bergen. Både funksjonelt og geografisk vil det vere fordelar med å lokalisera desse funksjonane i nybygget på Krohnsminde. Alternativt må Helse Bergen ut på leigemarknaden for å finne rom for desse funksjonane.

Det ligg føre skisser som syner at det vil vera mogleg å få plass til nemnde funksjonar innanfor føreliggjande bygningskropp dersom areal avsett til parkering vert redusert. I så fall må Helse Bergen anten gjera bruk av frikjøpsordning for parkering eller installere anlegg/utstyr som gjer det mogleg å parkere bilar over to høgder. Under alle omstende vil realisering av dette alternativet føre til ei utviding av turvande investeringsramme. I samband med forprosjekteringa vil ein sjå nærare på om det vil vera rett å tilrå ei slik prosjektutviding, og i så fall gjera greie for kva følgjer dette vil få.

Investeringskalkyle på konseptnivå er utført av Prosjektkontoret og arkitekt i fellesskap. Det er i tillegg henta inn råd frå bygningsteknisk konsulenthald. På dette stadiet ligg de an til at avsett investeringsramme på 370 mill kroner (inkludert tomt og regulering) er tilstrekkeleg til å realisera prosjektet. Kvadratmeterpris for bygget (eksklusivt tomt, parkering og uinnreia utleigeareal) vert i så fall på kr 39.580 med prisnivå frå januar 2009.

Det er lagt opp til ei så rask realisering av byggeprosjektet som mogleg. Framdriftsplanen syner at innflytting kan finne stad tidleg i 2013. Dette under føresetnad av styregodkjenning ved første gongs behandling både av konsept og forprosjekt, og at det ikkje oppstår komplikasjonar andsynes godkjenning i Bergen kommune.

Det er full semje mellom alle involverte partar (divisjonsleiing, fagleiing, vernetenesta og representantar for brukarane) om at den skisserte utforminga av nybygget vil gje Kronstad DPS ei hensiktsmessig og framtidretta utforming. Det er store utfordringar relatert til trafikkstøy, luftforureining og avgrensa uteareal som det må kompenseras for ved iverksetting av effektive og kreative tiltak i den vidare prosjekterings- og byggefasen. Dersom ein lukkast med dette, vil Kronstad DPS bli ein vellukka møteplass for pasientar, pårørande og fagpersonell innan psykiatrien.

## **Forslag til vedtak**

1. Styret tilrår at den framlagte konseptrapporten vert lagt til grunn for føreståande forprosjektering av Kronstad DPS.
2. Konseptrapporten vert å senda over til Helse Vest for vurdering og styrebehandling.

## **Vedlegg:**

1. Konseptrapport for Kronstad distriktpsikiatriske senter
2. Mappe i A3-format med planteikningar, snitt, og illustrasjonar